

Nytt frå Fagområde for allmenmedisin, UiB

Kunstig intelligens i forskning og utdanning

Kunstig intelligens (KI) er i vinden og har skapt både forhåpningar og bekymringar i forskings- og utdanningsmiljøa. Vi er i ein første fase, der vi prøver ut bruken, forsøker oss med reguleringar og også lagar nye definisjonar av fusk og kva som er lovlege hjelpemiddel.

Dei fleste av oss ser store nytteverdiar også i den akademiske verda. KI kan rasjonalisere tidskrevande prosessar med søk av litteratur og lesing av artiklar, kan oversette til og frå norsk med høg kvalitet, og kan generere tabellar og figurar slik at forskaren kan klare seg med sluttbearbeiding. Men vi har allereie lært at KI-programma både tek feil og hallusinerer, så kvalitetskontrollen blir svært viktig. Universitetet er også svært opptatt av at ikkje tekstar som er åndsverk, vert lagt ut på verdsveven, med allmenn tilgang for alle. Difor har UiB lisensiert sin eigen KI-modell med visse restriksjonar.

Studentane har tatt i bruk KI med stor iver for mange føremål. Vår bekymring er om dei er bevisst nok på naudsynt kvalitetskontroll. Å erstatte kvalitetssikra læreverk med tilfeldig KI-genererte tekstar har høg risiko for feil, manglande oppdatering og skeiv tilnærming.

I høgere utdanning ser vi ei bølge bort frå heimeeksamenar og innlevering av tekstar, til meir bruk av tradisjonell skriftleg eksamen. Men for lærarane ser vi òg ei interesse for KI i både produksjon og retting av skriftleg eksamen. Her er vi i full gong med utprøving, og førebels ser det lovande ut når det gjeld kvalitet og å skilje ut dei beste frå dei dårlegaste oppgåvene. Her ligg det til rette for betydeleg innsparingar i bruk av arbeidstid.

Steinar Hunskaar

steinar.hunskar@uib.no

Praksisveileder: Nye kurs for fastleger

Har du student i praksis eller har planer om det, og samtidig lyst til å øke din veilederkompetanse? Da er du velkommen på emnekurs 3-4 juni 2025. Ved påmelding kan du også melde interesse for den nye «Praksisrettileiarutdanning i allmenmedisin» (PRAM620), som er en ny utdanning på masternivå, der allmennleger kan få økt

kompetanse som praksisveiledere.

Hovedelementene er et oppstartkurs og avsluttende kurs, begge godkjent som emnekurs, samt praksis som praksisveilederkandidat mens man selv har studenter i egen praksis i to perioder. Man kan ta utdanningen over ett eller to år. Det pedagogiske rammeverket, litteratur og innhold er forskningsbasert på internasjonalt nivå. Kurset er nærmere omtalt i Utposten nr 1/25 og finnes i Kurskatalogen til Dnlf.

Ph.d.: Rådgeving i legevaktsentralen

Vivian Midtbø disputerte 5.3.2025 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlinga «Contact patterns, telephone triage, and counselling in Norwegian local emergency medical communication centres». Målet med avhandlinga var å undersøke kontaktmønsteret til legevakt og korleis legevaktsentralen handterer kontaktane. Den første studien viste at 23 % av telefonkontaktane vart handtert med telefonrådgeving. Feber, magesmerter og hoste var dei vanlegaste kontaktårsakene som vart handtert slik. Det vart oftare gitt telefonråd om natta, samanlikna med dag og kveld, og oftare til dei yngste aldersgruppene. Den neste studien viste at det er mogleg ved hjelp av enkle tiltak å påverke korleis innbyggerane i ein større by kontaktar legevakta. Overgang frå å møte direkte på legevakta til å ringe først førte til at fleire fekk telefonrådgeving, medan færre fekk legekonsultasjon på legevakt, som var eit ønska resultat. Den siste studien fann at 24 % av kontaktane til sju legevakter det første 1,5 året av COVID-19-pandemien var relatert til COVID-19, men med store variasjonar mellom legevaktene, mest hos dei med ansvar for testing av befolkninga. Omfattande tilleggsoppgåver kan potensielt påverke beredskapen til legevakta.

Vivian Midtbø (f. 1979) er utdanna sjukepleiar ved Flinders University of South Australia og har mastergrad i helsefremjande arbeid frå UiB. Ho arbeider som forskar III ved Nasjonalt kompetansesenter for legevaktsmedisin, NORCE. Professor Steinar Hunskaar har vore hovudrettileiar og forskar II Ingrid Hjulstad Johansen har vore medrettileiar.

Ph.d.: Mestring under rehabilitering

Anne Mette Gravaas Berget disputerte 6.3.2025 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlinga "Health, Functioning and Sense of Coherence". Ved bruk av data fra registre og pasientene har prosjektet undersøkt rehabiliteringspasientenes helse, funksjon og Sense of Coherence (SOC), der SOC best oversettes til "opplevelse av sammenheng". Avhandlingen viser at pasientene som henvises til spesialisert rehabilitering har økt bruk av fastlege og fysioterapeut de siste tre årene før rehabiliteringen, med en nedgang i løpet av de første tre årene etter rehabilitering. Pasientene rapporterte en bedring i både fysisk og mental funksjon etter rehabilitering, spesielt i løpet av det første året. Oppnådd bedring holdt seg stabil over tre år.

Effekt hadde sammenheng med opplevelse av SOC før start av rehabilitering. De som var i arbeid før behandling var oftere i jobb dersom de hadde sterkere SOC, dette var spesielt tydelig ved muskel og skjelettplager. Funnene tyder på at rehabiliteringsforløp må tilpasses individuelt og at det er viktig å adressere personlige egenskaper som mestring.

Gravaas Berget (f. 1975) er master i fysioterapivitenenskap fra UiB. Hovedveileder er professor Øystein Hetlevik og medveiledere er førsteamanuensis Vegard Pihl Moen, professor Liv Inger Strand og professor Jan Sture Skouen.

Vestlandslegen på veg til fastlegane!

Dei første Vestlandslege-studentane i Stavanger, modellen med desentral utdanning av legar på Vestlandet, skal i haust ta fatt på siste studieåret. Der får dei hovudundervisninga si i allmenn- og samfunnsmedisin, som inkluderer 6 vekers praksis hos fastlege. Fastlegar i og rundt Stavanger vert difor no rekruttert som praksisrettileiarar for desse. Samtidig bygger UiB opp ein stab av undervisarar i desse faga, med base i Stavanger.

Den neste fasen av Vestlandslegen skjer i Førde, etter at regjeringa ga 20 studieplassar dit. Desse studentane vil komme til Førde hausten 2028, og vi er godt i gang med planar for studiet der.